

# In vitro

Isabel Zapata



Omsett av Hanna Hårsaker Nakken  
Etterord av Sandra Lillebø

# In vitro

Isabel Zapata

Omsett av  
Hanna Hårsaker Nakken

Med etterord av  
Sandra Lillebø

**LES BONES DONES**  
LATINAMERIKANSK LITTERATUR I NORGE

© Isabel Zapata *In vitro*  
2021 Almadía Ediciones S.A.P.I. de C.V.

Omsett fra spansk av Hanna Hårsaker Nakken  
Etterord av Sandra Lillebø

Bokomslag og sats: Cristina Cabanellas, Estudio Clove  
Papir: Munken Cream Bookwove 80 g  
Trykkeri: Gutenberg Press  
Første opplag, 2023



Utgivinga er innkjøpt av Norsk Kulturfond.

Trykkinga er støtta av Fritt Ord.

 ISBN 978-82-303-6039-2  
© Les Bones Dones AS, 2023  
[www.lesbonesdones.no](http://www.lesbonesdones.no)

# In vitro

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Les Bones Dones AS er enhver eksemplarframstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, Interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar og inndragning, og kan straffes med bøter eller fengsel.

*Til Aurelia, som let oss kjenna namnet sitt*

*Allereie før kroppen min var ein reiskap for språket,  
var han ein reiskap for minnet.*

Sarah Manguso

*Å skriva tyder òg å ikkje snakka. Det er å teia.  
Det er å ula utan ljod.*

Marguerite Duras

DEN STORE BØLGJA

Eg skriv desse sidene utan å vita om dei nokon gong vil verta sett av andre auge. Den einaste eg har delt dei med til no – ein mann – sa at å lesa dei fekk han til å kjenna seg som ein innetrengjar. Kva for ein innetrengjar er det eg skriv til? Blygt sper eg på dei fragmenta eg har til no med andre sine anekdotar, noko som let meg seia at det eg arbeider på er eit fiksjonsverk. Huset er mitt, men i gangane er det andre kvinner som går.

Ein stad i det eg seier finst sanninga, men sanninga får vi ikkje tilgang til gjennom minnet. Ikkje eigentleg.

Det er vanskeleg å skilja ut dei viktige delane i denne historia. Det eg fortel skjedde meg, det skjedde kroppen min og meg, kroppen til dotter mi og min kropp og meg, men kvar gong eg kjem det i hug, endrar eg på det. Det er difor eg vel å fortelja i notid, og går stega baklengs, lik ein som tek farvel med ein kjærast og ikkje vil mista den ein elskar av syne. Kvar gong eg prøver å koka forteljinga ned til sin kjerne, svell sjølv dei minste detaljane i tydinga dei har. Til dømes, den dagen då embryoa skulle setjast inn, hadde legen på seg eit par briller med raud innfatning som fekk henne til å sjå ut som ein paradisfugl. Meir enn ein gong skar eg meg på glasampullane med progesteron då dei sprakk, og eg har teke vare på eingongstrøya som eg stal frå legekontoret. Eg ønskjer å få sagt det heile, å vita det heile og å høyra det heile. Eg vil bryta med den pakta av togn som stenger ute alt det vonde i samband med moderskapet, og som held ved lag avstanden mellom oss.

Eg hevar røysta for at historia skal få sitt eige liv, så ho sjølv kan finna sin plass blant andre kvinner.

Eg set henne fri. Eg set meg sjølv fri.

IN VITRO

Det fyrste som slår meg når legen viser meg biletet av dei to embryoa, like før dei skal setjast inn i kroppen min, er at det til venstre må vera det opprørske syskenet, det som har det travelt med å bryta ut av membranen sin. Den korrekte tittelen til legen som utfører prosedyren er embryolog: ein biolog med spesialisert kunnskap om *morfogenese*, altså utviklinga av fosteret og nervesystemet, heilt frå *gametogenesen* til fødselen av eit levande vesen. Eg smiler til han, men han held seg alvorleg.

På dette stadiet har eg allereie teke ei avgjerd om å ikkje ileggja dei to embryoa nokon menneskelege kjenneteikn. Nyleg opptina har dei fått utvikla seg i knappe fem dagar til zygotar: ein celleklase. Om eg kallar dei zygotar, er det enklare å ikkje tenkja på det opprørske syskenet, som allereie ønskjer å sleppa ut frå staden kor det har halde til i åtte veker, i ferd med å frysia i hel. Eg rettar

på meg sjølv: nei, frys i hel gjer det ikkje, for det har jo aldri vore i live. Men kvifor har det opprørskne syskenet det så travelt med å røra på seg då?

Om det er tvillingar vi får, vil den til venstre likna Santiago, som ikkje kan halda seg i ro i det heile, og den til høgre på meg, som stundom held meg litt meir i ro enn kva eg burde. Det er det eg tenkjer på når sjukepleiaaren ber meg drikka endå eit glas med vatn og ta på meg sjukehustrøya for å komma i gong med prosedyren. Ordet *prosedyre* seier ikkje noko om korleis blæra er i ferd med å sprekka, om vaginalspekulumet som liknar ein pistol, om progesteroninjeksjonane som teiknar opp eit heilt atlas av blåmerke på baken min. Det seier heller ikkje noko om korleis livmorslimhinna kjempar for å nå dei åtte millimetrene med vev som er å føretrekkja.

«Eg er akvariet no. Glasmaneta er du.»

Isabel Zapata